

Avtale om fellespolitisk plattform for Ålesund kommune 2020 - 2024



Innleiing

Den viktigaste oppgåva for politikarane i det nye kommunestyret i Ålesund er å legge føringar for bygging av ei ny kommune i samsvar med intensjonsavtalen som vart vedteken i alle dei gamle kommunestyra. Ålesund kommune skal ta ei aktiv rolle for å bygge regionen. Vi skal ta initiativ og invitere og besøke dei andre delane av regionen slik at målet om å styrke konkurransekrafta i regionen i tråd med berekraftsmål 17 «samarbeid for å nå måla» vert nådd. Dette gjeld både dei andre byane i fylket og nabokommunane våre.

Vi som no har gått saman om den politiske plattformen tek mål av oss til å føre kommunen inn i eit grønt skifte med eit sterkare fokus på smarte, klimavenlege og berekraftige løysingar i samfunnsutviklinga.

Dei vedtekne verdiane for den nye kommunen og FN sine berekraftsmål skal ligge i botnen for styrande vedtak og dagleg drift i den nye kommunen.

Samarbeidsform og gjensidige forpliktingar

1. Samarbeidspartia forpliktar seg til å gi eit styringsdyktig fleirtal. Rødt går inn i eit valteknisk samarbeid med Ap, Sp, KrF, Mdg, Sv og V og støttar desse samarbeidspartia i fordelinga av verv. Til gjengjeld skal Rødt få ein plass i komite for opplæring. Det er ein føresetnad at vi forpliktar oss på avtaleval – og fordeler posisjonar i samsvar med dette.
2. Samarbeidspartia skal ha jamlege møter i forkant av kvart formannskaps- og kommunestyremøte.
3. Partia skal ha temabaserte møter ein gong i halvåret, der viktige saker blir sett på dagsorden. Dette er samlingar som skal gi rom for visjonær tenking og dei lange linjene
4. Einigheit mellom samarbeidspartia skal ikkje vere til hinder for at ein kan søkje eit breiare fleirtal om sakene som er til behandling.
5. I det politiske arbeidet vil Ap, Sp, KrF, Mdg, SV og Venstre finne rom for partias eigenart, slik at veljarane kan kjenne seg igjen i dei ulike partia sine sjølvstendige politiske målsettingar.

Open

Engasjert

Modig

1 Økonomistyring og drift

- 1.1 Vi vil vektlegge langsiktig styring mot netto årleg driftsoverskot med oppbygging av disposisjonsfond.
- 1.2 Dersom det er naudsynt med eigedomsskatt skal heile kommunen ha same eigedomsskatt frå 2022. Det skal i så fall innførast eit botnfrådrag i berekninga av takstgrunnlaget. Inntekter frå eigedomsskatt skal sikre nødvendige investeringar.
- 1.3 Samarbeidspartia forpliktar seg til å bli einige om kommunebudsjettet. I den grad det det skulle oppstå ueinigheit i delar av kommunebudsjettet, er partane einige om at rådmannens budsjettframlegg skal leggjast til grunn.

2 Miljø og berekraftig utvikling

Ålesund kommune skal ta klimautfordringane på alvor. Vi set ambisiøse mål om kutt i utslepp innan 2030. Kommunen skal ha ein offensiv klimastrategi som vert følgt opp av klimarekneskap og klimabudsjett. FN sine berekraftsmål må ligge til grunn for all verksemd i kommunen. Ambisiøse mål må følgjast opp med konkrete tiltak og vi må ruste kommunen sin infrastruktur for klimaendringane som kjem. Kommunen skal også ha ein nullvisjon for tap av biologisk mangfald.

- 2.1 Det må utarbeidast ein klimastrategi som samsvarar med ei målsetting om 60% utsleppskutt innan 2030 i forhold til 2009 nivå. Klimastrategien skal bli følgt opp ved at klimarekneskap og budsjett blir ein del av den ordinere budsjetthandsaminga.
- 2.2 Kommunen skal ha ein miljørådsgjevar, som skal uttale seg i aktuelle saker, samt utarbeide klimabudsjett og klimarekneskap.
- 2.3 Ålesund kommune skal gjere seg nytte av kompetansen i ÅRIM og Bingsa Gjenvinning og legge stor vekt på avfallsreduksjon og kjeldesortering både i hushaldningar og kommunale verksemder. Ålesund kommune må spele ei aktiv rolle for å styrke samarbeidet mellom ÅRIM, Tafjord kraftvarme og Bingsa Gjenvinning – med fokus på ei sirkulær og kostnadseffektiv avfallshandtering i alle dei tre selskapa. Kommunen må ta ei aktiv og leiande rolle for å hindre at plast og anna søppel hamnar i naturen og samarbeide med alle organisasjonar og verksemder som tek del i opprydding. ÅRIM og Friluftsrådet skal ha ei koordinerande rolle i dette arbeidet.
- 2.4 Gjennom tydelege krav vil vi medverke til å gjere cruisetrafikken meir miljøvennleg og arbeide for felles tiltaksliste for cruisetrafikken i samarbeid med andre norske hamnebyar. «Felleserklæring for en meir miljøvennlig cruisenæring» skal leggjast til grunn for arbeidet.
- 2.5 Det skal leggjast til rette for landstraum for cruiseskip og andre båtar i Ålesund hamn, samt ladestraum for båtar med batteridrift.
- 2.6 Kommunen skal spele på lag med idrettslaga for å redusere sjansen for at gummigranulat frå idrettsbaner ender opp i naturen.
- 2.7 Vere restriktiv til omregulering av matjord og ha ein nullvisjon for tap av matjord.
- 2.8 Kommunen skal lage ein handlingsplan for å ivareta biologisk mangfald.

- 2.9** Tilby økologisk og kortreist mat i kommunale institusjonar i kommunale kantiner og institusjonar, og tilby fisk- og vegetarmåltid i kommunale kantiner og institusjonar.
- 2.10** Vidareføre strenge miljø- og klimakrav innan offentlege innkjøp og investeringar, der etikk, klima og miljø vert høgt vekta.
- 2.11** Kommunen skal jobbe for å bli sertifisert som fairtrade-kommune.
- 2.12** Redusere arbeidsreiser i kommunen ved å bygge ein kultur og ein infrastruktur for digitale møter i kommunal forvaltning (politisk/administrativ) – både internt og i møte med innbyggjarane.
- 2.13** Ålesund kommune må legge til rette for private verksemdar som kan tilby lading eller nullutslepp drivstoff til sjø og landbasert transport.

3 Opplæring og oppvekst

Skule og barnehage er eit heilskapelig opplæringsløp. Barnehage- og grunnskuletilbodet skal ha høg kvalitet, sosialt og pedagogisk. Vi vil arbeide for ein inkluderande fellesskule med fokus på kompetanse og læring. Barn og unge skal kjenne seg inkludert og oppleve meistring. Alle skular i Ålesund skal ha ein tydeleg og allment kjent strategi for nulltoleranse for mobbing.

- 3.1** Ålesund kommune skal søke om å bli pilotprosjekt for innføring av Fritidskortet.
- 3.2** Barnetrygd skal ikkje takast med i inntektsgrunnlaget for utrekning av sosialhjelp.
- 3.3** Det tverrfaglege arbeidet for tidleg innsats må vektleggast.
- 3.4** Vi vil medverke til og legge til rette for at ideelle organisasjonar etablerer barnehagar i kommunen, samt sikre god balanse mellom kommunale og private barnehagar.
- 3.5** Vi vil lage ein tiltaksplan for korleis alle barnehagar og skular skal kunne godkjennast i samsvar med «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.»
- 3.6** Vi vil styrke helsesjukepleiar- og skulehelsetenesta.
- 3.7** Vi vil utvide prøveprosjektet som sikrar alle elevane ved utvalde grunnskular eit sunt måltid kvar dag.
- 3.8** Det skal utarbeidast ein plan for å sikre at tilsette i barnehage og skule har nødvendig og rett kompetanse. Kommunen skal legge vekt på etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehage og skule.
- 3.9** Kommunen skal ha eit godt SFO-tilbod i heile kommunen. Det skal leggjast til rette for samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- 3.10** Kommunen skal utforme ein tydeleg og framtidsretta skuleeigarstrategi i løpet av 2020.
- 3.11** Grunnskulen skal ha fokus på førebyggjande arbeid mot rus, vald, rasisme og mobbing. Alle ungdomsskular skal delta i MOT-programmet.

- 3.12** Vi vil auke satsinga på digital læring i skulane. Innan 2021 skal det investerast i nok utstyr slik at alle elevane har si digitale eining. Lærarar skal få kompetanseheving i pedagogisk bruk av digitalt utstyr.
- 3.13** Vi må redusere behovet for spesialundervisning ved å styrke den ordinære undervisninga.
- 3.14** Vi vil evaluere dysleksivenleg skule slik det er praktisert i Haram, og vurdere om ein skal innføre dette i heile kommunen.
- 3.15** Vi vil styrke dei praktiske og estetiske faga i grunnskulen med eigne prosjektmidlar etter modell frå satsinga på realfag (Newton-rommet).
- 3.16** Alle elevar i grunnskulen skal få tilbod om å delta i skulegudsteneste før jul. Det alternative opplegget skal ha høg kvalitet.
- 3.17** Vi vil gi skular høve til å søke kommunen om å bli forsøksskular for alternative måtar å drive på – td med barnehagepedagogikk i småskulen, ekstra satsing på praktiske eller kreative arbeidsmåtar, seinare start på skuledagen, eller tidlige undervisning i andre framandspråk.

4 Kultur, idrett og friluftsliv

Kultur og fysisk aktivitet medverkar til god folkehelse. Eit godt kulturtilbod er viktig for alle, og det å yte og nyte skaper trivsel og livsinnhald for alle.

- 4.1** Av omsyn til folkehelsa er det viktig å sikre allmenn tilgang til friareal i nærleiken av skular og bustadfelt. Det må utarbeidast langsiktige planar for utbygging av turveg/turstiar, samt gang- og sykkelveg i heile kommunen.
- 4.2** Kommunen må få på plass langsiktige avtaler med grunneigarar som sikrar offentleg tilgang og bruk av friområde og badeplassar i kommunen, som til dømes Prinsen-området. Dersom slik avtale ikkje kjem på plass må ein starte prosess for offentleg innløyasing av friområdet ved Prinsen. Vi vil starte eit målretta arbeid for statleg sikring og innløyasing av attraktive friområde i kommunen.
- 4.3** Vi vil at den gamle postvegen mellom Sjøholt og Vestnes vert rusta opp til turveg i samarbeid med Statens vegvesen og andre partar. Dette kan også gjelde postvegen mellom Eidsvik og Vatne over Eidsvikeidet.
- 4.4** Vi vil bevare området Fylling/Svartløken for turgåarar sommar og vinter.
- 4.5** Vi vil vidareføre og styrke fondet som forskotterer tippemidlar.
- 4.6** Vi vil legge til rette for at ulike organisasjonar og trussamfunn får arbeide ut frå sin eigenart.
- 4.7** Vi vil styrke og vidareutvikle Kulturskuletilbodet slik at endå fleire barn og ungdommar kan få eit tilbod innanfor si interesse og i sitt nærmiljø. Dei mest spissa tilboda må likevel samordnast. Kulturskuletilbodet skal vere for alle.

- 4.8** Vi vil medverke til eit tett samarbeid mellom kulturskule, grunnskule og lag og organisasjonar.
- 4.9** Ålesund kommune må verdsette det profesjonelle kunst- og kulturarbeidet og medverke til vidareutvikling av profesjonelt kunst- og kulturarbeid i kommunen. Vi vil auke kulturfondet for tildeling av prosjektmidlar til lokalt kulturliv.
- 4.10** Utarbeide kulturminneplan for alle delane av kommunen.
- 4.11** Kommunen skal ha byantikvar for å sikre varig vern av Jugendarkitekturen og ivareta historiske bygg i kommunen. Byantikvaren skal vere høyringsinstans i relevante saker.
- 4.12** Auke den økonomiske støtta til lag og organisasjonar
- 4.13** Oppretthalde og vidareutvikle bibliotektenesta i heile kommunen.
- 4.14** Den planlagde kulturskulen med ny scene for Teateret Vårt, saman med ny vidaregåande skule på sørsida i Ålesund, skal realiserast. Arbeide for nytt bibliotek på sørsida.

5 Helse og omsorg

Alle skal kunne leve gode liv i Ålesund kommune. Då er det heilt avgjerande at innbyggjarane kan kjenne seg trygge på at helse- og omsorgstenestene er lett tilgjengeleg både for brukarar og pårørande. Vi vil prioritere dei sårbare og utsette gruppene, og på den måten medverke til å jamne ut sosiale skilnader. Folkehelsearbeidet er viktig i alle aldersgrupper for å førebygge helsesvikt. Også helsestasjon og skulehelsetenesta er viktig i det førebyggjande arbeidet, og for at barn og ungdom kan få tidleg hjelp når helse og trivsel er under press.

Gode og tilrettelagde bustader er viktig for helsa og for å kunne kjenne seg trygg. Vi må sikre eit mangfald av buløysingar for ulike brukargrupper i heile kommunen, slik at dei kan bu heime så lenge dei sjølv ønsker, og med tilsyn etter behov. Det må leggjast til rette for at menneske kan halde seg aktive og delta i grupper og sosiale samanhengar.

Vi vil framleis føre ein restriktiv ruspolitikk som tek på alvor dei store lidingane alkohol og anna rusmisbruk påfører barn, ungdom og vaksne i alle aldrar. Ålesund kommune treng fleire lett tilgjengelege tilbod for menneske som lever med rus og psykisk sjukdom. Her må kommunen samarbeide tett med frivillige og ideelle organisasjonar.

- 5.1** Vi vil styrke den heimebaserte omsorga i samsvar med Stortingsmelding «Leve hele livet», slik at eldre som vil bu heime klarer seg på best mogleg måte, ved bruk av tverrfaglege team og velferdsteknologi.
- 5.2** Vi vil sikre eit mangfald av tilpassa buløysingar i heile kommunen for å møte behova frå ulike brukargrupper som eldre, menneske med nedsett funksjonsevne, pasientar med psykiske lidingar og menneske som slit med ulike rusproblem.
- 5.3** Vi vil ha nok sjukeheimplassar og tilbod med heildøgns omsorg og - slik at både pasientar og pårørande kan kjenne seg trygge på at dei skal få den hjelpa dei treng.
- 5.4** Vi vil at universell utforming av tenester og miljø skal prioriterast slik at funksjonshemma kan oppleve seg likestilt med andre.

- 5.5 Vi vil legge til rette for at private i samarbeid med kommunen kan etablere bustader for eldre og andre grupper, i samsvar med «Bolig for velferd 2016 – 2025». (Vedtatt 2016 av Ålesund bystyre).
- 5.6 Vi vil ikkje lyse ut konsesjonar til private innan heimebasert omsorg og sjukeheimsdrift i perioden.
- 5.7 Institusjonsmat-tilbodet i heile kommunen skal vurderast for å sikre at tilbodet har høg kvalitet både med omsyn til ernæring, smak og individuell tilpassing.
- 5.8 Dagsentertilbodet til heimebuande skal styrkast, i første rekke til brukarar med demens, men også for andre som har behov. Vi vil etablere nye aktiviseringstilbod med meining for menneske med behov for bistand også for å ivareta og avlaste pårørande
- 5.9 Ålesund må ha ei god og verdig rusomsorg, med låg terskel til fagleg hjelp og god oppfølging. Vi vil legge til rette for at det kan etablerast fleire rusfrie fritidstilbod for unge vaksne.
- 5.10 Det skal settast i verk tiltak for å redusere overdosedødsfall i Ålesund. Mellom anna skal kommunen fortsette samarbeidet med frivillige aktørar om markering av Verdens Overdosedag.
- 5.11 Det skal etablerast eit nytt lågterskeltilbod innan rus/psykiatri i kommunal regi eller i samarbeid med ideelle aktørar. Etablering av arbeidsfellesskapet «Fontenehus» må vurderast.
- 5.12 Vi skal føre ein restriktiv og heilskapleg rusmiddelpolitikk ved å vidareføre noverande skjenketider og sette i verk fleire tiltak for å redusere skadeverknadane av rusmisbruk i samsvar med «Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020». Planen skal rullerast i 2020.
- 5.13 Vi vil sikre at kompetansen for lindrande behandling for menneske i sluttfasen av livet vert styrka og gjort meir tilgjengeleg også i heimane gjennom ambulante team.
- 5.14 Omsorgssentra i kommunen skal også kunne gi tilbod om åndeleg omsorg.
- 5.15 Vi vil etablere pårørendesenter og vidareføre plan- og strategiarbeidet for pårørendearbeid.
- 5.16 Vi vil styrke samarbeidet mellom kommunen og lag og organisasjonar innan helse og omsorg med auka økonomisk støtte til lokalt arbeid.
- 5.17 Vi vil at brukarar av BPA tenester får halde fram med same leverandør over fleire konsesjonsrundar, dersom dei ynskjer det.
- 5.18 Helsestasjonstilbodet for førstegongsfødande skal styrkast ved å vurdere innføring av programmet «Familie for første gang».

6 Lokaldemokrati og utvikling av lokalsamfunn og bysentrum

Vår politikk bygg på rettferd og fellesskap. Vi vil føre ein politikk som er forankra i eit levande lokaldemokrati, ei berekraftig utvikling, eit sosialt og samfunnskritisk engasjement med fokus på demokratiutvikling og openheit. Vi vil at Ålesund skal vere eit ope og inkluderande lokalsamfunn med plass til alle.

Ålesund kommune skal styrast etter formannskapsmodellen. Den politiske organiseringa skal sikre både heilskapleg planlegging for regional slagkraft og lokal medverknad på kommunedelnivå.

Kommunestyret ønsker gjennom kommunedelutvala å utvikle nærdemokratiet og samarbeidet med innbyggjarane.

Det er viktig å styrke kommunedelane som lokaldemokratisk arena, både med tanke på lokalsamfunnsutvikling, men og for å gjere informasjon om politiske prosessar meir ope og allment tilgjengeleg, og ved at kommunestyret løftar politiske debattar ut til innbyggjarane.

Vi må ha eit godt og tillitsbasert samspel med innbyggjarar, frivillige, næringsliv, administrasjon, tillitsvalde og politikk.

- 6.1** Vi vil auke innbyggjarinnvolvering gjennom aktiv bruk av innbyggjartorga
- 6.2** Vi vil ha meir samskaping i sakshandsaming og utvikle nye demokratiske arenaer for medverknad
- 6.3** Vi vil ha særleg fokus på utvikling av Brattvåg, Sjøholt, Skodje, Steinshamn, Moa og bysentrum. Bysentrum må utviklast med fleire bustader, attraktive kulturtilbod, brei næringsverksemd og trivelege uteområde.
- 6.4** Kommunedelutvala må få ei sentral rolle for å styrke lokaldemokratiet, der dei også får prioritere eigne midlar t.d. innanfor VAP, kultur og frivillig sektor.
- 6.5** Vi vil forenkle dialogen med brukarane gjennom gode digitale løysingar, medverknad, innovasjon og effektivisering.
- 6.6** Vi vil ha kontinuerleg fokus på openheit og innsyn i den kommunale forvaltninga.
- 6.7** Legge til rette for at kommunale møter kan ha videooverføring på nett.
- 6.8** Campus Ålesund er eit sentralt kompetansemiljø for heile regionen og kommunen skal vidareutvikle Ålesund som ein attraktiv studentby.
- 6.9** Ålesund sjukehus må ivareta og vidareutviklast som det største og mest differensierte sjukehuset i fylket. Kommunen må aktivt medverke til etablering av PET-scan ved kreftavdelinga og PCI-behandling ved hjerteavdelinga.

7 Arbeidsgjevarpolitikk

Ålesund kommune skal vere ein god arbeidsgjevar med stolte og engasjerte medarbeidarar som skaper gode tenester til beste for innbyggjarane våre. Vi skal tilby kompetanseutvikling, fagleg og personleg, samt stimulerer til samarbeid om å styrke effektivitet, innovasjon og kvalitet i oppgåvene.

- 7.1** Vi skal vidareutvikle eit godt trepartsamarbeid i arbeidslivet.
- 7.2** Vi skal styrke innovasjon og nytenking, og synleggjere det kommunale utviklingsarbeidet.
- 7.3** Heiltid skal vere regelen og deltid skal vere mogleg.

- 7.4** Vi vil auke talet på lærlingeplassar i kommunale verksemdar, og syte for god rettleiing.
- 7.5** Aktivt arbeide mot sosial dumping mellom anna ved å vidareføre og vidareutvikle «Telemarksmodellen».
- 7.6** Finne gode tiltak som rekrutterer arbeidskraft med rett kompetanse, og arbeide bevisst med likestilling og utvikle ein breiare og meir mangfaldig arbeidsmarknad i regionen.

8 Næringspolitikk

Verdiskapinga i næringslivet er grunnlaget for busetting, velferd og attraktivitet i regionen – og for å oppretthalde og vidareutvikle det kommunale tenestetilbodet. Næringslivet og kommunen er gjensidig avhengige av kvarandre når vi skal sikre framtidig verdiskaping. Kommunen skal vere eit tyngdepunkt for den nasjonale satsinga innanfor næringar knytta til havrommet og legge til rette for å utnytte dei naturgitte og strukturelle fordelane innanfor jordbruk, turisme, møbel m.m.

Det er viktig at ordførar og rådmann er godt synlege i samarbeidet, både ute i bedriftene, overfor innbygarane, og innad i kommuneadministrasjonen. Det er med å bygge ein kultur for samhandling, og det gir autoritet til gjennomføring. Vi vil difor føre ein næringspolitikk basert på tett dialog med partnerar i næringslivet som har visjonar om å utvikle kommunen og lokalsamfunna på brei basis. Vi vil også involvere frivillige organisasjonar, stat og fylke i dette arbeidet.

- 8.1** Ålesund kommune skal ha ein aktiv næringspolitikk for å sikre vidareutvikling av etablerte næringar og legge til rette for nye. Det skal lagast ein strategisk næringsplan i samarbeid med næringslivet sjølv, som legg føringar for dette arbeidet. Landbruket, oppdrettsnæringa og anna sjøbasert næring skal også vere ein del av denne planen.
- 8.2** Ålesund kommune skal ha eigen næringssjef.
- 8.3** Arealplanarbeidet må sikre langsiktige og gode rammer for private utbygarar. Planavdelinga må ha fagfolk og kompetanse nok slik at utbygarar får rask tilbakemelding på spørsmål og søknader.
- 8.4** Vere godt vertskap for ulike kompetansemiljø, og samarbeide tett med NTNU, Ålesund Kunnskapspark, dei ulike miljøa på NMK og andre kompetansemiljø for å styrke næringslivet i regionen. Campus Ålesund er navet i næringsutviklinga i heile regionen og må vidareutviklast og styrkast.
- 8.5** Jobbe for ei sterk knytting mellom næringslivet, offentleg forvaltning, klyngeverksemd, forskings- og utdanningsverksemdene og fagrørsla. Legge opp til at kommunen skal vere ein aktiv deltakar i dialogen mellom desse. Næringsklyngene og klyngeprosjekta er viktige for å styrke kommunen sin strategiske posisjon på kysten.
- 8.6** Det skal arbeidast målretta med å styrke kommunens føresetnader for å nå opp i konkurransen om midlar til brukarstyrt forskning og innovasjon.
- 8.7** Næringsplanen skal ta omsyn til og utnytte muligheitene som ligger i nasjonale og fylkeskommunale føringar for næringsutvikling.

- 8.8** Kommunen skal vere synlig på møteplassar for gründer- og entreprenørskap og vere aktiv i videreutvikling av nødvendig infrastruktur.
- 8.9** Ålesund kommune skal finne gode tiltak som rekrutterer arbeidskraft med rett kompetanse til regionen og arbeide bevisst med likestilling og utvikle ein breiare og meir mangfaldig arbeidsmarknad.
- 8.10** Vi vil legge til rette for ny næringsverksemd og ha regulert næringsareal i alle delar av kommunen.
- 8.11** Vi vil gjere regionen meir attraktiv for reiselivet og utvide tilbodet i området.
- 8.12** Vi vil bruke innkjøp for å stimulere innovasjon i lokalt næringsliv og delta i partnerskap for å utvikle nye produkt og løysingar.
- 8.13** Vi vil samarbeide med næringslivet og fylkeskommunen for å styrke fokus på næringsverksemd i grunnskule og vidaregåande utdanning. Ungt entreprenørskap skal brukast aktivt i grunnskulen.
- 8.14** Politisk og administrativ leiing i Ålesund skal vere synlege og tilgjengelege på næringslivet sine møtestader, vi skal både invitere næringslivet til oss og vere tilgjengelege når næringslivet ber om det.

9 Samferdsel

Samferdselsprosjekt som medverkar til å binde saman den nye kommunen, utvidar bu- og arbeidsmarknadsregionen og som sikrar drikkevasskjeldene, vil bli prioritert. Ein bypakke som knyter byen og omlandet sterkare saman med gode kollektivløysingar vert avgjerande for å styrke bu- og arbeidsmarknaden i heile den nye kommunen. Miljø- og berekraftperspektivet må vere førande for alle store tiltak i den nye kommunen.

- 9.1** Vi må komme raskt i gang med utbygging av bypakken i Ålesund, ut frå den strategien som alt er lagt av Statens vegvesen, Fylkestinget og bystyret i Ålesund.
- 9.2** Vi skal sørge for at det blir betre framkommeleg for bybussen inn mot Ålesund sentrum i samsvar med tiltakslista i «COWI-rapporten. Hovudsakleg eigne kollektivfelt og signallys som slepp bussen fram før bilane. Vi vil arbeide for to bussavgangar i timen mellom Moa – Sjøholt, Moa - Skodje, og Moa - Brattvåg.
- 9.3** Brosundtunnelen skal detaljprosjekterast slik at den er klar til bygging i bypakke trinn 2.
- 9.4** Ålesund by treng byvekstavtale og statleg medfinansiering av kollektivsatsinga på lik linje med dei byane som har byvekstavtaler i dag. Vi står fast ved nullvekstmålet og vil legge til rette for at framtidig vekst i persontransport skjer gjennom, sykkel, gange og kollektivtransportløysingar.
- 9.5** Kollektivandelen i Ålesund må aukast, og kommunen må ha ein klar strategi for korleis vi skal nå 15% kollektivandel der innfarstparkering og fortetting rundt knutepunkt skal vektleggast. Vi vil påverke og samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune i arbeidet for fleire avgangar og eit betre kollektivtilbod i heile kommunen.

- 9.6** Vi vil bygge fleire og betre gang- og sykkelveggar.
- 9.7** Få på plass ei bysykkelordning i Ålesund mellom Moa, Sjukehuset, Campus og sentrum
- 9.8** Vi vil at rutebåttilbodet i Ålesund skal utvidast og vil utgreie «bybåt» og mulighetene for fleire stoppestader til og frå Ålesund sentrum.
- 9.9** Trygge skuleveggar for barn og unge må ha høgast prioritet i trafikktryggingsarbeidet. Det må lagast prioritert oversikt for heile kommunen over dei prosjekta som har størst innverknad på trafikktryggleiken.
- 9.10** Kommunen skal i løpet av 2020 vedta ein forpliktande parkeringsstrategi som både ivaretek målet om meir miljøvenleg transport og næringslivet sine behov i Ålesund bysentrum. Pendlarparkering utanfor bysentrum må også prioriterast.
- 9.11** Klimarekneskap må inngå som ein del av forprosjekteringa av større nye samferdselsprosjekt.

10 Inkludering – motverke utanforskap

- 10.1** Vi vil sette i verk tiltak mot utanforskap med særleg fokus på å styrke økonomien til familiar med låg inntekt og legge til rette for at barn får delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familieøkonomi.
- 10.2** Flyktningar som buset seg i Ålesund må inkluderast gjennom skule, arbeid og fritidsaktivitetar slik at dei kan ta del og vere ein ressurs i samfunnet.
- 10.3** Inkludering gjennom deltaking i skule, arbeid og kulturliv skal vere hovudstrategi i kampen mot utanforskap. Det må leggjast stor vekt på at dei som droppar ut av skule eller arbeid får god oppfølging slik at dei kan ta del i arbeid og sosialt liv i samfunnet. Kommunen må samarbeide tett med Brisk og Vekst-bedriftene. Tiltaket Broen skal vidareførast.
- 10.4** Vi skal vektlegge tverrfagleg samarbeid mellom verksemdene for å få best mulig tenestetilbod.

11 Investeringar i perioden

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidligare kommunene sine økonomiplanar *skal prioriterast* i den nye kommunen sine budsjett- og økonomiplanar. Mellom dei viktigaste prosjekta i perioden er:

- Kolvikbakken Ungdomsskole
- Skodje Barneskule
- Emblem Skule
- Hessa skole
- Skodje Ungdomsskule
- Osane fleirbrukshall
- Eidet Barne- og Ungdomsskule
- Hatlehol kyrkje

Ålesund, 17.10.2019

Geir Ove Leite

Vebjørn Krogsæter

Tore Johan Øvstebø

Jarle Hauge Steffensen

Anders Lindbeck

Kari Grindvik